

# DET NORSKE TEATRET



## NAMN FRÅ «ORESTIEN»

**AFRODITE** — kjærleiksgudinne, den romerske Venus. Ho var gift med Hefaistos (Vulkan), eldgud og smed, men hennar store kjærleik var Adonis.

**APOLLON** — son av Zevs og Leto: han var gud for musikk, spådomskunsten, lækjarkunsten, løn og straff — og hadde ein sterkare posisjon blant grekarane enn nokon annan einskild gud. Han vart ofte identifisert med Helios, solguden.

**ARES** — krigsgud, son av Zevs og Hera, den romerske Mars.

**ARGOS** — bystat i det austlege Peleponnes og hovudstad i det gamle Argolis. Borgarane vart kalla argivar.

**ARTEMIS** — den romerske Diana, tvillingsyster av Apollon og gudinne for månen, ville dyr og jakt. Ho kunne sende pest og brå død (særleg til kvinner), men ho lækte òg, og hindra liding. Ho var samstundes jomfrudomens gudinne.

**ATENE** — den romerske Minerva, dotter av Zevs og Metis. Zevs svelgde mor hennar før fødselen, og Atene sprang fullt væpna ut av panna hans, i det ho skreik eit krigsrop. Ho vart gudinne for makt og visdom, og heldt oppe lov og orden. Ho skapte oliventreet, fann opp pløgen og vart utnemnd til Atens vernegudinne.

**ATRIDANE** — Atrevs' søner, Agamemnon og Menelaos.

**DELFI** — ein liten by i Fokis, ein av dei byane som vart mest dyrka, på grunn av Apollon-oraklet.

**DIKE** — gudinne for rettferd i samarbeid med Zevs, som òg var far hennar, mor hennar var Temis. Saman med systrene Evmomia (lovfest skipnad) og Eirene (fred) rådde ho for årstidene.

**ERINNYENE** — eller furiene, opphavelag tre i tallet (Tisifone, Alekto, Megaira), døtre av Gaia (jorda) og mørkret. Dei var Hades sine vaktar og budde ved inngangen til underverda. Deira plikt var straffande og rensande: å få forbrytarar som kom til skuggeverda til å gjere bot for brotsverka sine, og å plage samvitet til dei som synda. Dei vart framstilte som svært snøgge, og slangar vreid seg i håret deira.

**FOKIS** — eit distrikt i det sentrale Hellas, ved Korint-bukta.

**FOIBOS** — «det skinande», eit tilnamn for guden Apollon.

**GORGONER** — tre forferdelege systre med slangar som hår, berre synet av dei forvandla menneske til stein. Den mest vidkjende av dei, Medusa, vart drepen av Persevs. Han snudde auga vekk og brukte sjoldet sitt som ein spegel.

**HADES** — den romerske Pluto, gud i Underverda (som fekk namnet sitt etter han), bror av Zevs.

**HELENA** — den vakraste blant kvinner. Ho var dotter til Zevs og Leda (som Zevs forførte ved å gjere seg om til ei svane), og halvsyster av Klytaimestra. Ho gifta seg med Menelaos, bror av Agamemnon, men rømde sidan til Troja med Paris, ein av dei femti sønene til kong Priamos. Denne bortføringa førte til Trojanar-krigen.

**HELIOS** — solguden. Med fire snøkvite hestar for gullvogna kjører han opp på himmelkvelven om morgonen, og sig om kvelden ned i Okeanos-elva.

**HELLAS** — opphavelag ein by i det nordlege Grekenland, seinare fekk heile landet dette namnet.

**HERA** — den romerske Juno, Zevs' offisielle kone og dronning over gudane. Ho var den guddommelege personleggjinga av kvinneleg makt og vernar av kvinna.

**HERMES** — den romerske Merkur, sviket og den blømande talekunsten sin verjar, og bodberar for gudane. Han vart vanlegvis framstilt i sko med venger på, hatt, og berande på slangestaven (ein stav med venger øvst, elles omslynga av slangar). Det var han som førte skuggane til dei døde frå den øvre til den nedre verda.

(Framhald siste omslagsside)



ANTIGONE



IOKASTE



FEDRA



MEDEA

Når Tordis Maurstad i kveld spelar si 199. rolle på Det Norske Teatret, er det samstundes 5. gong ho har den sentrale kvinne-rolle i ein gresk eller ny-klassistisk tragedie. Det byrja i 1945 med «Antigone», der ho i Knut Hergels regi spela mot Johan Norlunds kong Kreon og Øyvind Øyens Haimon. I 1957 følgde «Kong Oidipus», der spela ho Iokaste, Oidipus' (Harald Heide Steen) mor og kone. Olof Molander instruerte. Så kom den store rolla som Racines «Fedra» i Tormod Skagestads oppsetjing i 1960, der Harald Heide Steen var mannen hennar, kong Tesevs, og Finn Kvaalem den unge stesonen, Hippolytos. Til teatrets jubileum i 1963 stod «Medea» på spelplanen, sjølvstilt med Tordis Maurstad i tittelrolla. Denne gongen var det Barthold Halle som instruerte, og nok ein gong spela ho mot Harald Heide Steen, som var Jason. Og så i kveld – Klytimestra i «Orestien».



## REGI-NOTATAR

**Kvifor forkorte trilogien til e i framsyning?** Heilskapen er viktigare enn dei tre avslutta stykka «Agamemnon», «Gravofferet» og «Evmenidene» (Dei Miskunnsame).

**HEILSKAPSIDEEN:** Rettferdsprinsippet si utvikling.

**Sosialt aspekt:** Vi ser eit samfunn på veg, kva ein slåst for. Humanismens spede byrjing. Apollons forsvarstale for Orestes under rettssaka, som lett kan oppfattast som «antikvinnesak», må forståast som Aiskylos' forklaring på korleis patriarkiet kom inn i det greske samfunn.

**Juridisk aspekt:** Ei primitiv auga-for-auga lov med familien som straffande makt (Sjølvtekt) utviklar seg gjennom trilogien til ei medlidande, forsonande straffelov med samfunnet som øvste utøvande makt.

**Teologisk aspekt:** Vi ser byrjinga på den nye «himmelkongen» Zevs' regjeringstid. Dei gamle gudane, Uranos og Kronos, representerer det primitive hemnprinsippet som Zevs via barna sine, Apollon og Atene, utviklar til miskunnsprinsippet. Åskodeleggjort ved hemnåndene sin metamorfose. Aspektet sett i «vitskapeleg» lys: Eit kosmos i stadig utvikling og omskaping, ei kanalisering av krefter til samvirke og harmoni.



Scene frå «Agamemnon»

**Har vi tapt på strykinger?** Utan tvil. **Kva?** Sjølve trilogiens formale oppbygging. Aiskylos' meisterlege utvikling av intrigen med stormande visjonar framover og frekke tilbakeblikk som kan minne om filmen sin fullstendige fridom frå tid og stad. Delar av det teologiske aspekt.

**Kva har vi vunne ved strykingar?** Vonleg klarleik i det av teksten som vedgår oss mest i dag: Dei tre aspekta sett i kosmisk samanheng.

**Kva har ein over 2000 år gammal tekst å fortelje menneske i dag?** Boskapen i gresk tragedie, og spesielt «Orestien» som blir framført for første gong her i landet, er oss tilsynelatande meir uvedkomande enn den var for atenarane år 458 før Kristus. Vår hybris er meir samansett og mindre openberr. Med våre storslåtte oppdagingar og kostbare måneferder fell vi mykje lettare for freistinga til å tru at vi produserer vår eigen kunnskap og berre veit det vi kan prove. Dermed stenger vi oss ute frå rikdomen i alt som er til. Vår blanding av dugleik og einfald, vår blinde tru på statistikk, analyse og grundig planlegging får oss til å gløyme at system kan stryke ut tre fjerdedelar av sanninga.



Scene frå «Gravofferet»

Det er mange ting vi treng å bli minte om. At djup innsikt sjeldan er eit produkt av det reine intellekt. At det ikkje er uniformitet og statiske mønster som skaper eit menneske, men individualiteten og avviket. At ein sjølvstendig personlegdom ikkje blir skapt gjennom forsøk på å vere konform, men gjennom lidenskapeleg jakt på livet sine høgdepunkt.

Desse påminningane er kanskje ikkje det som spring oss først i augo når vi les «Orestien», men dei er der. På botnen av Aiskylos' hovudverk ligg overtydinga om at vi er bundne til ei høgare kraft, eit ufråvikeleg prinsipp utanfor oss sjølve. Dette prinsippet er «lagnad», det nødvendige bak våre liv, det nødvendige vi må sjå i augo ikkje berre ved vega ende, men heile livet igjennom, om ikkje mergen i vår eksistens skal miste krafta si.


Aiskylos' menneske har i høgste grad eit konkret forhold til gudane, det vil seie kreftene utanfor mennesket. Framferda til menneska hans er vektig fordi ho er i slekt med det guddomelege. Hos Aiskylos er gudane menneskelege og menneska guddomelege.

«Orestien» er forteljinga om eit aristokratisk hus i ferd med å utsette seg sjølv gjennom nedarva forbanning. Denne forbanninga er «lagnad» og samstundes eit fritt uttrykk for kjærleik og hat. Blodfeiden kan berre avsluttast ved total sjølvøydelegging ved å gi etter for ei guddomeleg oppretta rettferd. Denne er i stadig utvikling: i tragedien si byrjing ei primitiv auga-for-auga rettferd, ved slutten ei medlidande og forsonande rettferd.

I «Orestien» ser vi på denne måten byrjinga til vårt relativt godt utvikla rettssystem med valde domarar og juryavgjering. Vi må godkjenne Aiskylos' som pionér for moderne lovgivarar, stort enklare og meir sakleg kan ikkje den idéelle styreform skisserast opp enn den Atene gir folket i siste del: «Eg gjev mitt folk det råd å styre beint/ imellom lovlaus sed og hardhendt tvang/ og ikkje vraka alt som skremma kan./ Der ingen otte er, bur ingen rett.»

Denne evna til å erkjenne at frykt er ein uløseleg del av menneskenaturen, gjer Aiskylos til ein stor realist. Vi ser det igjen når han tar for seg rettferdstemaet i trilogiens andre del, «Gravofferet». Samstundes som han innprentar oss det håplause urettferdige i sjølvtekt, får han oss til å godta at ein ikkje kan stå roleg og sjå på eit mord bli utført. Fullstendig pasifisme er like forkasteleg som krig. Trass alt er vi vår brors vaktar. Like fullt er vi ansvarlege for handlingane våre, sjølv om vi ikkje er ansvarlege for tilhøva som fører til dei. Orestes må klandrast for mordet på mor si, sjølv om det var ein gud som dreiv han til det. Klytaimeistra gjorde eit brotsverk da ho drap mannen sin, sjølv om alt ved han ropte på straff for hovmod og drap.

Alle menneskelege handlingar er eit dilemma mellom godt og vondt. Mennesket sin stordom ligg i viljen til å godta smerten og risikoen ved å engasjere seg, når det kanskje ville vere meir makeleg å late som ein ikkje kan ta parti. Tragedien sitt tema er alltid det triste i livet og den universelle vondskap. Konklusjonen er ikkje at livet ikkje er verdt å leve, men **fordi** livet er verdt å leve, er vanskanene ved å leve verdt å overvinne.



Scene frå «Evmenidene» (Dei miskunnsame)

## VAL AV FORMSPRÅK/ARBEIDSMETODE

Første møte med 2500 år gammel tekst: Gode forsett og allmenn forvirring.

Generell presentasjonsform: «**Stilteater**» frå tida for myten sitt opphav eller frå Aiskylos' Aten? Vi veit i grunnen svært lite om desse alternativa. «**Stilteater**» frå **nyklassisismen med kvite søyler og gevantar**? Vil nødvendig medverke til å oppretthalde ein



Else Hagen, Harald Hoaas, Viran Wallstrøm, Ola B. Johannessen, Arne Walentin

tradisjon som har sitt utspring i denne stilepokens manglande kunnskap om grekarane sitt fargebruk. Vi drar enno på mistydingar med omsyn til gresk kultur og drama, som nyklassisismen er i skuld i. «**Moderne Stilteater**» i **dongeribukser og arbeidslys**? Avgjort ikkje. Vi vel: **Oratoriet med nåtidig referanseramme.**

Spelstil: Må tilpassast generell presentasjonsform. **Monumentalt deklamerande, «realistisk» psykologiserande eller kvardagsleg småpratande**? Ingen av delane kan tilfredsstillande dekke Aiskylos' veldige svingningar frå målande korparti til høgst realistiske dialogar. Vi vel å leite etter: **Ein direkte, klar spelstil der det enkle er målet.**

Hovudproblemet vårt blir at trilogien var skriven for eit publikum som på førehand kjende intrigen. Aiskylos brukte derfor inga tid til å førebu personane sine handlingar. Rollene er ikkje «psykologisk» oppbygde.

Masker: **Kvifor?** Vi vil ha dei menneskelege arketypar for auga heile tida, vi vil framheve **det rituelle** ved teksten, det rituelle ved ei teaterframsyning, det rituelle med menneskets liv og død.

Kostyme: Klede med fortids- og nåtidsreferanse.

Dekor: På ein bakgrunn av tid og stad: **Ein spelplass for klare tankar.**

## «ORESTIEN», OG DET ELDSTE GRESKE DRAMA

Når og korleis vart den greske tragedien til? — Dette viktige spørsmålet i dramaets historie har kalla på svar frå dei lærde og kloke heilt sidan den gryande renessansen på 1400-talet, utan at nokon har greidd å finne eit fullnøyande svar.

Det ein veit er at dramaet vart instituert av «tyrannen» Peisistratos i året 534 f.Kr. som ein viktig part av den store Dionysia-festen i slutten av mars månad, — ein vårfest og ein nasjonalfest, dit venene av det attiske statssambandet òg vart innbedne. Vidare at Thespis var den første kjende dramaforfattar-aktøren som tok på seg tilskipinga av den første framsyninga på Dionysos-teatret, som låg i skråninga



Dionysos-teatret i Aten, slik det er i dag

på sør-austsida av Akropolis-fjellet. Dionysos var vårgud, vokstergud og særleg vinens gud, men han var òg — i motsetnad til den kjøleg-kloke Apollon — ekstasen og lidenskapane sin gud. Etter myten hadde denne guden heimstaden sin i det dulde og dække Trakia, og han laut lide mykje før han vann seg rom og rett i Hellas til å herske ved sida av Apollon. Truleg var det hans lidingssooge som var emne for dei første dityrambane, hyllingssongar til guden som heile folkefjøliden tok del i i dei eldste tider. Det var dette rituelle, truleg improviserte teater Thespis og dei første dramatarane bygde opp tragedien på, og det var Frynikos som etter alt å døme reglerte og strukturerte dramaet i vekselspel mellom korparti og dramatiske handlingsscener.

Dei første drama som er bevarte er av Aiskylos. Han var som unggut med i fridomskrigen mot persarane, og om «Persarane» handlar det første fullgyldige drama vi har av han. Det går føre seg i den persiske hovudstaden, og tolkar usigeren og tragedien til Xerses da han freista kue og øyde det frie Hellas. Xerses må lide for sitt ovmod, sin **hybris**, og dette blir eit grunnmotiv i den attiske tragedien. «Han lid som synda», slik lyder den rettferdslov som Zevs styrer livet til menneska etter, og som koret representerer i dramaet i samspel med den tragiske helten.



Om Aiskylos hadde sine føregangsmenn i skapinga av den attiske tragedien, så er det ingen tvil om at han var den første store diktaren som vigde sitt geni til tragedieens muse, Melpomene. Visst er det òg at ingen seinare dramatikar har overgått han i poetisk flog og tragisk monumentalitet.

«Orestien» er den einaste heilskapte trilogien som first att etter Aiskylos. Vi må gå ut frå at urpremièren på Dionysos-teatret i Aten i 458 f.Kr. har vara frå soloppgang til mørkret fall på. For etter tragedien følgde eit satyrspel, ein farse-komedie, som løyste låtten hos tilskodarane og minte dei om at livet også hadde sine ljose sider – ved sida av den sorgsame Melpomene stod den livsglade Thalia.

Slik omfatta teatret heile livet for dei gamle hellenane. Men for Aiskylos var nok tragedien hovudsaka, jamvel om «Orestien» endar med ein klår happy end. Det var gjennom «lidings sut» at menneska kunne lære både seg sjølv og gudane sine å kjenne. Dette er også hovudtanken i det andre mest kjende dramaet hans, det om titanen Prometevs, han som stjal elden frå Zevs og gav den til menneska, og til straff vart fengsla til ein bergvegg i Kaukasus i 30 000 år. Her er det den gudommelege menneskeve-  
nen som må lide for at denne usle skapningen,



Tragisk skopespelar, frå eit vasebilete (seint i det fjerde hundreåret f.Kr.)

som Zevs ottast for og heldt nede i vanmakt, skulle forsonast med gudfaderen og få signing til å leve eit høgare liv. Jamvel om dei to siste spela av denne trilogien er gått tapt, så veit ein av referatet at det var soninga og gleda over den heilage pakta mellom gud og menneske som var hovudsaka også i dette «himmelspelet».

Både verjegudinna Atene og eldgjevaren Prometevs, vart feira med særmerkte høgtider i det gamle Hellas. Slik Atene og folkerådet areopagos blir hylla i slutten av «Orestien», fekk Prometevs hylling på sin dag av ungdomsflokkar som samla seg frå nær og fjern og svinga logande fakklar mot nattehimlen – her har vi opphavet til både fakkeltog og stafetten: Alt var til ære for gudane – dei som hadde fridd mennesket or dyrehamen og lært det leva og stride for høgare hugmål og livsmål.

Teaterkunsten vart for hellenane ein viktig lekk i dette strevet. Gjennom den frigjorde individet seg hos etterfølgjarane Sofokles og Evripides. Men Aiskylos er den første, og mange held han for den største av dei tre som skapte underverket: det guddommelege hellenske sorgspelet.



# ORESTIEN

av Aiskylos

omsetjing:	EIRIK VANDVIK
regi:	OLA B. JOHANNESSEN
scenografi og kostyme:	ARNE VALENTIN
masker:	ELSE HAGEN
musikk:	JAN GARBAREK
replikk- og korinstruksjon:	VIRAN WALLSTRÖM

Première den 17. september 1970

**PERSONANE:**

Agamemnon, konge i Argos på Peleponnes .....  
Klytimestra, dronninga hans .....  
Orestes } borna deira .....  
Elektra } .....  
Aigistos, syskenbarn til Agamemnon .....  
Kassandra, dotter til kong Priamos i Troja .....  
Cilissa, amme til Orestes .....  
Pylades, ven til Orestes .....  
Bodsveinen .....  
Vaktmannen .....  
Portvakt og kommentator .....  
Foibos Apollon, spådomsgud i Delfi .....  
Pytia, prestinna hans .....  
Pallas Atene, visdomsgudinne i Aten .....  
Hermes, guddomleg sendebod .....

**1. korførerar:**

HARALD HEIDE STEEN

**Gamle menn i Argos:**

ØIVIND BLUNCK

ODD-JAN SANDSDALEN

NILS SLETTA

ERIK ØKSNES

LASSE BARTNES

BIRGER THURN PAULSEN

BJØRN SKAGESTAD

TORGEIR FONNLID

**2. korførerar:**

ASTRID S

Eldre terne

INGER LIS

ULRIKKE

SIDSEL R

BENTE LU

MICHAELA

EVA SOLE

RAGNHILD

KARIN HA

**Soldatar: MAGNE LIND**

Ein p

regiassistent:

lyd:

parykkar:

inspisient:

Harald Hoaas

Meny Bloch

Doro Walstad

Egil Rolland

sufflør:

rekvisitør:

scenemeistrar: Anker

lysmeistrar: Birger Ha



..... ØYVIND ØYEN  
 ..... TORDIS MAURSTAD  
 ..... SVEIN ERIK BRODAL  
 ..... WENCHE MEDBØE  
 ..... JACK FJELDSTAD  
 ..... ULRIKKE GREVE  
 ..... DAGMAR MYHRVOLD  
 ..... BIRGER THURN PAULSEN  
 ..... ERIK ØKSNES  
 ..... NILS SLETTA  
 ..... ODD-JAN SANDSDALEN  
 ..... ODD FURØY  
 ..... BENTE LUND  
 ..... INGER LISE WESTBY  
 ..... BIRGER THURN PAULSEN

OMMER

3. korfører:  
 INGEBJØRG SEM

r i Argos:

Hemnånder:

SE WESTBY  
 GREVE  
 YEN  
 ND  
 SPANDOW  
 AKKEN  
 NYGAARD  
 UGEN

MICHAELA SPANDOW  
 ULRIKKE GREVE  
 SIDSEL RYEN  
 BENTE LUND  
 WENCHE MEDBØE  
 EVA SOLBAKKEN  
 RAGNHILD NYGAARD  
 KARIN HAUGEN

HOLM og IVAR HANSEN


ause



Gunn Wicklund      programredaksjon: Halldis Hoaas/Svein Selvig  
 Edward Baro        omsetjing: Anne Lise Myklebust  
 Wahlstrøm/Josef Valko      foto: Sturlason  
 ansen/Kåre Thomassen      trykk: Torres Trykkeri, Oslo



## MYTEN OM HUSET ATREVS



**TANTALOS** er opphavsmannen til atridane, og til den forbanninga som kvilte over familien. Det står strid om kven som er far til Tantalos, og likeså om kven som er mor til barna hans. Sikkert er det at han er ein ætling av Zevs. Det sentrale i Tantalos-myten er likevel saga om sonen **PELOPS**.

Tantalos var ein god ven av Zevs, og fekk lov til å vere saman med gudane ved bankettane deira, å ete nektar og ambrosia. Denne lykka gjekk til hovudet på han — for å setje gudane si allmakt og sitt allkunne på prøve, serverte han sin eigen son, Pelops, for dei ved eit gjestebod han gav. Ingen av gudane let seg narre til å ete, med unntak av Demeter, som byrja på skuldra til Pelops. Tantalos vart hardt straffa for denne synda. Han miste kongeriket sitt, vart drepen av Zevs sjølv og plasert i evig lidning i Hades. Han hang frå eit frukt-tre over ein innsjø, var evig tyrst og svolten, men rakk aldri heilt bort til frukta eller heilt ned til vatnet. Samstundes hang ein stor stein rett over hovudet hans og truga stadig med å falle ned og knuse skallen hans. Lagnaden til Tantalos kan samanliknast med Sisyfos' og Iksions — saman illustrerer dei gudane sin straffedom over den som trur seg å vere deira likemann. (1)

Etter at Tantalos hadde fått si straff, gav Zevs Pelops livet attende — og Demeter gav han ei skulder av elfenbein til erstatning for den ho hadde ete. Han vart innsett som herskar etter far sin, omkransa av rikdom gudane gav han. Sidan kom han via ei lang rad fantastiske hendingar til Hellas, til den sørlege halvøya, som han la under seg og kalla opp etter seg sjølv — Peleponnes. Med kona si, Hippodameia, fekk Pelops m.a. barna **ATREVS** og **TYESTES**.

Atrevs vart konge i Mykene — i strid med bror sin, Tyestes. Det var lagnaden til desse to brørne at dei alltid skulle vere i strid med kvarandre. Klimaks i striden kom da Atrevs — full av hemnlyst overfor broren — serverte Tyestes hans egne barn ved eit gjestebod, ein parallell til Tantalos si synd. Da måltidet var omme, syntte han Tyestes hovuda til ungane, og let han forstå kva han hadde ete. Tyestes fall saman i krampe og kasta alt opp att, samstundes som han la ei evig forbanning på Atrevs' sæd, på alt hans avkom. (2)



Klytimestra drep Cassandra, vasebilette frå omlag 430 f.Kr.

Atrevs hadde to søner, **AGAMEMNON** og **MENE- LAOS**, medan Tyestes' mest kjende son var **AI- GISTOS**. Atridane var begge vidkjende og mek- tige kongar. Dei voks opp hos kongen av Sparta, Tyndareos, og hans dron- ning Leda. Agamemnon gifta seg med kongedot- tera **KLYTAIMESTRA** og vart konge i Mykene, som han vann i strid med Ai- gistos. Aigistos hadde til sist lykkast i å drepe Atrevs og såleis hemne brørne sine. Menelaos på si side gifta seg med

Tyndareos' stedotter **HELENA**, og vart konge i Sparta etter verfar sin. Helena var dotter til Zevs og Leda. Avdi Zevs skapte seg om til ei svane da han forførte mor hennar, vart Helena klekt ut frå eit svane-egg. Ho var kjend som den vakraste kvinna i den hellenske verda, og det var dette faktum som skulle føre henne saman med Paris og såleis bli årsak til Trojanarkrigen.

**PARIS** var son av Priamos, kongen av Troja, og dronninga hans, Hekuba. Da han vart fødd, vart det spådd at han ville bli heimbyens undergang, og prestane såg helst at han vart drepen med det same. I staden sørgde mor hans for at han vart gitt til ein gjetar – som sparte livet hans og oppseda han i fridom på fjellet. Paris voks opp til ein svært vakker og vis mann – så vis at gudane fann han best skikka av alle til å avgjere striden mellom dei tre gudinnene Hera, Atene og Afrodite om kven av dei som var den vakraste. Paris valde Afrodite, avdi ho lova han den vakraste kvinna i verda – Helena – til kone.



Orestes drep Aigistos, eit romersk relieff i arkaisk stil, eller kan hende kopi av ein arkaisk original

Kort tid etter vart Paris attfunnen av Priamos og Hekuba, som begge gledde seg over at sonen deira levde, og ikkje brydde seg om dei vonde spådomane.





- Paris kunne ikkje gløyme lovnaden til Afrodite, og drog så snart råd var til Sparta. Der la Helena sin elsk på den vakre ungguten — slik spådd var. Menelaos hadde ingen mistanke mot den unge gjesten, og let Helena ta over styret av byen medan han sjølv drog til Kreta. Straks nytta
- (3) Helena og Paris høvet til å flykte. Etter fleire månaders eventyrleg reise i det indre Middelhavet, kom dei til Troja. Der feira dei bryllaup, til stor glede for kongehuset og alt folket — alle vart bergtekne av venleiken til Helena, og svor aldri å la henne reise frå dei att.



Apollon vernar Orestes frå hemnåndene, vasebilete frå omlag 370 f.Kr.

Da Menelaos kom heim og fekk vite om rovet, kalla han saman alle dei mektigaste menn i Hellas til eit hærtog mot Troja — blant dei Agamemnon og Odyssevs, Akilles, Nestor og Ajax.

- Den greske flåten samla seg ved Aulis, men kom ikkje vidare grunna ein storm som rasa og ikkje ville stilne. Kalkas, spåmannen, sa dei at stormen ville vara ved til Agamemnon ofra den vakraste dotter si til gudinna Artemis. Dette nekta Agamemnon, sjølv om grekarhæren truga med å ta ein annan til øvstkommanderande. Odyssevs budde seg alt på heimferd da Menelaos kom med eit framlegg. Framlegget gjekk ut på at Odyssevs og Taltybios skulle hente Agamemnons dotter **IFIGENEIA** til Aulis, ikkje som offer, men som Akilles' brud, som ei løn for bragdene hans. Agamemnon sa seg einig i dette, men var likevel full av mistanke, og sende eit brev til Klytimestra at ho ikkje skulle tru på Odyssevs. Menelaos fekk tak i brevet — og Klytimestra vart narra til å føre Ifigeneia til Aulis. Da Akilles fann ut at namnet hans såleis var blitt misbrukt, svor han å verje Ifigeneia — men ho sa seg villig til å ofre livet for å redde Hellas' ære. Segna seier ho vart redda i siste augneblinken, at Artemis førte henne til Tauris. Andre segner fortel at Akilles redda henne, og at ho vart kona hans. I alle høve fekk flåten straks medvind, og grekarane sette segl for Troja.
- (4)

Trojanarkrigen fortel Homer om i sitt store episke dikt «Iliaden», og han held fram i «Odysséen» med saga om Odyssevs' fantastiske heimferd. Aiskylos byrjar triologien sin like før den ti år lange krigen er over, og den sigerrike greske hæren vender heim med Agamemnon i spissen. Som ein kuriositet kan nemnast at medan dei fleste segner plaserer Agamemnon i Mykene, bur han hos Aiskylos i Argos.

I huset Atrevs bygde synd seg på synd. Klytimestra, som aldri kunne tilgi Agamemnon at Ifigeneia var død, har tatt den hemnhuga Aigistos til elsker – saman planlegg dei og utfører drapet på Agamemnon midt i hans triumftime. Den trojanske kongedottera Cassandra, kjend for spådomsgåva si, var med i følgjet som Agamemnons elskarinne – ho mistar livet i same blodbadet. Det sentrale motivet i triologien er så korleis sonen **ORESTES**, hjulpt av systema **ELEKTRA**, hemner drapet på faren ved å ta livet av såvel Aigistos som mor si. Dette modermordet, som Apollon gjennom sitt orakel påla Orestes å utføre, blir den siste synda i huset Atrevs. Forfølgd av hemnåndene etter drapet, vender Orestes seg til Apollon på nytt og bed om hjelp. Atene skipar så til ei rettssak, der forbanninga til sist blir løyst.







# STORMEN

av William Shakespeare

regi: Krystyna Skuzanka  
scenografi: Helge Hoff Monsen

Prospero: Johan Kjelsberg

«Stormen» er det siste stykket frå Shakespeares hand, skrive ca. 1611, eit poetisk testamente til verda og teatret. Instruktøren ser klare parallellar mellom Shakespeares tid og vår eiga, begge prega av ekspansjon, av ei oppløysing av tidlegare tiders faste normsystem, av ei varsom von for framtida og samstundes ei redsle for det ukjende.

# MENS VI VENTAR PÅ GODOT

av Samuel Beckett

med Bjarne Andersen, Tom Tellefsen, Bjørn Jenseg og Kåre Wicklund.

«Mens vi ventar på Godot» er blitt ståande som hovudverket i det absurde teater, det skodespelet som framfor alle gir oss eit bilete av meiningsløysa i verda, men som likevel og gir tru på mennesket si evne til å overleve, til å sjå vona i den grå kvardagen. I større grad enn noko anna av absurdismens skodespel, har «Godot» blitt ein publikumssuksess. Didi og Gogo, Pozzo og Lucky opptar framleis publikum rundt omkring i verda. Deira problem, som vi alle – dersom vi er opne for dei – kan kjenne igjen og identifisere oss med.

Première: 7. oktober  
regi: Bjørn Endreson  
scenografi: Snorre Tindberg



# OPERETTE

AV WITOLD GOMBROWICZ

Première: primo november  
regi: Aloysius Valente  
scenografi: Guy Krogh

Witold Gombrowicz har i «Operette» nytta den klassiske wiener-operetta som ramme for eit spel om vår moderne sivilisasjons maskeball. Sjølv seier han: «Eg har alltid vore oppglødd for operetteforma, etter mi meining eit av dei lykkelegaste produkt teatret har bore fram. Med sin guddommelege idioti, sin himmelsk sjuke stringens, tar operetta til vengjene takka vere songen, dansen, gjestene, maskespelet – og synest for meg det perfekte teater, teatralisk perfekt.»



## FOR BARN: EVENTYRKARUSELLEN

av J. Stitnicka/V. Veiselova. Regi: Karel Hlavaty. Scenografi: Nina Martins. Med m.a. Rolf Sand

## SPELPLANEN PÅ ANDRE TEATER:



«Samfundets Støtter» av Henrik Ibsen. Regi: Magne Ble-ness. «Bygmester Solness» av Henrik Ibsen. Regi: Arild Brinchmann. «Cher Antoine» av Jean Anouilh. Regi: Kirsten Sørli. «Scapins skøyerstreker» av Molière. Regi: Elna Kimmestad.

### AMFISCENEN:

«Din egen vri eller — hva du vil —». Popmusical av Driver/Hester/Apolinar. Regi: Kirsten Sørli. «Sandkassen» av Kent Andersson. Regi: Janken Varden. «Mordernes natt» av José Triana. Regi: Jan Bull. «Dødsdansen» av August Strindberg. Regi: Edith Roger.

«Plaza Suite» av Neil Simon. Regi: Toralv Maurstad. «Dyden i fare» av Sir John Vanbrugh. Regi: Kjetil Bang-Hansen. «Du kan ikke ta det med deg» av Moss Hart/George S. Kaufman. Regi: Toralv Maurstad.

### BARNETEATRET:

«Ridderen av den brukne lanse». Dramatisert av Evert Lundstrøm. Regi: Aloysius Valente.

### DUKKETEATRET:

«Tommelise». Dramatisert av Inger Hagerup. Regi: Kari Sundby. «Nyfødt Andersen» av Anne Cath Vestly. Regi: Kari Sundby.



«Barberen i Sevilla» av Gioacchino Rossini. «Rigoletto» av Giuseppe Verdi. «Madame Butterfly» av Giacomo Puccini. «Sommernatt»/«Symfoni i C»/«Aft Vemod» av J. Sanders/G. Balanchine/D. Feuer. «Fangen» av Luigi Dallapiccola. «Romeo og Julie» av Witold Borkowski. «Frøken Julie»/«En av fem»/«Napoli» 3. akt av B. Cullberg/R. Powell/A. Bournonville. «Svanesjøen» 2. akt/«Sommernatt»/«Symfoni i C» av Pepita—Ivanov—Arova/J. Sanders/G. Balanchine.



«Skyt deg, Senja!» av Nikolaj Erdman. Regi: Gudrun Waadeland. «Anne Pedersdotter» av Hans Wiers-Jenssen. Regi: Elisabeth Bang. «Din egen vri» av Donald Driver/Hal Hester/Danny Apolinar (Nationaltheatret). Regi: Kirsten Sørli. «Dødsdansen» av August Strindberg (Nationaltheatret). Regi: Edith Roger. «Sølvi». Musikalsk revy med Sølvi Wang og orkester under leiling av Egil Monn Iversen (Det Norske Teatret). Regi: Barthold Halle. «Peer Gynt» av Henrik Ibsen (Den Nationale Scene). Regi: Sigmund Sæverud. «Alice i underverdenen» av Klaus Hagerup (Den Nationale Scene). Regi: Sven Henning/Eli Lindtner. «Din egen vri» av Donald Driver/Hal Hester/Danny Apolinar (Trøndelag). Regi: Stein Winge. «Plaza Suite» av Neil Simon (Oslo Nye Teater). Regi: Toralv Maurstad. «Den nysgjerrige lille elefanten» etter Rudyard Kipling (Tandarica Marionetteteater - Bukarest). «Don Christobals tre koner» etter F. Garcia Lorca (Tandarica Marionetteteater - Bukarest).



«Den politiske kannestøper» av Ludvig Holberg. Regi: Knut Thomassen. «Gamle Winckels testament» av Øivind Bolstad. Regi: Lothar Lindtner.

LILLE SCENE: «Arkitekten og keiseren av Assyria» av Fernando Arrabal. Regi: Sven Henning. «Mordet på Marat» av Peter Weiss. Regi: Otto Homlung.

For barna:

«Huset i skogen» av Anne Cath Vestly. Regi: Arne Jacobsen



«Mens vi venter på Godot» av Samuel Beckett. Regi: Arne Thomas Olsen. «En sommernattsdrøm» av William Shakespeare. Regi: Ingrid Tønsager. «Min søster og Jeg» av Ralph Benatsky. Regi: Bertin Thiwång. «Cleng Peerson» av Alfred Hauge. Regi: Arne Thomas Olsen.

### BARNETEATRET:

«Trollmannen fra Oz» av Frank Baum/J. Harryson. Regi: Sverre Bentzen. «Reisen til Julestjernen» av Sverre Brandt.



«Den Stundesløse» av Ludvig Holberg. Regi: Ellen Isefjær. «Din egen vri» av Driver/Hester/Apolinar. Regi: Stein Winge.

### BISCENEN:

«Arkitekten og keiseren av Assyria» av Fernando Arrabal. Regi: Håkon Qviller.

**IDA** — eit fjell nær Troja i Lilleasia.

**IFIGENEIA** — dotter til Agamemnon og Klytimestra. Far hennar ofra henne på altaret for å sikre gunstige vindar for den greske flåten undervegs til Troja.

**IKSION** — konge i Tessalia, far til kentaurane. Han freista forføre Hera, og Zevs straffa han ved å binde han fast til eit evig roterande hjul i Hades.

**ILIUM** — eit anna namn for Troja.

**KASSANDRA** — dotter av kong Priamos. Ho var gitt spådomsgåva, men samstundes den forbanninga at ingen nokongong ville tru henne.

**KRONOS** — den romerske Saturn, den yngste av Titanane, son av Uranos og Gaia (Himmel og Jord). Han styrta far sin frå det guddommelege overherredømet, og vart i sin tur styrta av sonen sin, Zevs.

**LEDA** — mor til Helena og Pollux, som ho fekk med Zevs, og til Klytimestra og Kastor, som ho fekk med mannen sin, kong Tyndareos av Sparta.

**LETO** — mor til Apollon og Artemis. Ho flykta til øya Delos for å sleppe unna Heras svartsjuka, og fødte tvillingane der.

**PALLAS** — tilnamn for Atene, visdomsgudinna.

**PAN** — den romerske Faun, gud for gjetarar, saueflokkar, ville dyr, skogar og enger. Han elska musikk, og fann opp «syrinx»'en eller gjetarfløyta, som han brukte når han førte nymfene i dans og ville festar. Han var òg vidgjeten for kåtleik, og vart framstilt med leggar og horn som ei geit. Seinare batt ein saman Pan og Stayrane: skogguddommar som følgde Bacchus. Det vart sagt at Pan var son av Hermes eller Zevs og ei nymfe.

**PARIS** — òg kalla Alexander. Han var ein av de femti sønene til Priamos, kongen av Troja, og vart oppseda som gjetar på Idafjellet (han vart lagt ut der av di syster hans, Cassandra, hadde profetert at han ville vekse opp til øydelegging for landet sitt). Seinare vende han attende til Troja som prins, og førte så Helena, Menelaos' vakre kone, dit. På det viset valde han Trojanarkrigen. Han drap Akilles ved å skyte han i hælen (den einaste sårbare flekken på han), og vart sjølv drepen av ein pil frå bogen til Filoktetes.

**PARNASS** — ei fjellkjede i det sørlege Hellas, i nærleiken av Delfi. Den var vigd Apollon og musene, og var i tillegg setet til Dionysos.

**PERSEFONE** — den romerske Proserpina. Ho var dotter til Zevs og Demeter, og vart bortført av Hades for å bli kona hans og dronning i Underverda.

**PRIAMOS** — den siste kongen av Troja. Kona hans var Hekuba, og blant dei femti sønene og tolv døtrene hans var Hektor, Paris og Cassandra.

**PYTIA** — òg kalla pytonessa, høgsteprestinne for Apollon i Delfi. Etter å ha innhalert dei bedøvande dampane som steig frå ei kløft i sentrum av templet, stota ho fram openberrigane til guden.

**STROFIOS** frå Fokis — vart sett til å passe Orestes da Aigistos og Klytimestra tok over trona i Argos.

**TARTAROS** — eit anna namn for Hades. Det er òg ein stad like langt under jorda som himmelen er over jorda.

**TESEVS** — den store helten som vart Athens vise og liberale konge. Han var son til Aigeos, gift med Fedra, og far til Hippolytos med Amason-dronninga Hippolyta.

**TROJA** — òg kalla Ilium, ein stolt og strålende by i det nordvestre Lilleasia, med utsikt over den trakiske sjøen.

**ZEVS** — den romerske Jupiter, den største og mektigste av dei olympiske gudane.



Botnen · 68